

## Møtereferat

Dato:

Emne:	<b>Campus Bergen</b>	
Til stades:	Bergen kommune: Rune Titlestad og Frode Karlsen Hordaland Idrettskrets: Knut Songve Olympiatoppen Vest Norge: Pia M. Andreassen Høgskolen I Bergen: Ole-Gunnar Sognen Hordaland fylkeskommune: Per Morten Ekerhovd, Hanne Espe og Britt Karen Spjeld (Kultur- og idrettsavdelinga) og Odd Bjarne Berdal (Opplæringsavdelinga)	
Forfall:		Sak: 2016/299
Møtetid:	5. januar 2016 12.00 – 14.00	Møtestad: Fylkeshuset

**Møteleiar: Britt Karen Spjeld****Referent: Hanne Espe**

Innleiing v/ konst. Fylkesdirektør for kultur og idrett Per Morten Ekerhovd  
Presentasjonsrunde av møtedeltakarane.

Fylkesidrettssjef Britt Karen Spjeld leia møtet.

Agenda/mål med møtet;

1. Sjå arbeidet i samanheng med andre prosessar/planar/utredningar.
2. Møte 3. mars – Kva form og innhald skal møte ha – og kven skal inviterast.
3. Litt bakgrunnsstoff basert på erfaringar frå Sogndal og Rogaland.

Pia M Andreassen informerte om erfaringar frå Sogndal og prosessen i Rogaland.

[Fosshaugane campus i Sogndal](#)

Dei har satellittar t.d. i Gloppen

Fotballen var drivkrafta. Etterkvart er det svært mange og ulike aktørar involvert.

Samspel og samdrift er nøkkelen og kombinasjonen av idrett, mosjon, fysisk fostring, helse og IKT er del av næringsutviklinga i Sogndal.

Rogaland – er i gang med sitt «campus»

Samarbeid med universitet, NIF, idrettskrets, kommune, sjukehus

Målet var 2019, men dette er ikkje realistisk.

Universitetet har vorte kalla campus i 10 år – i den politisk saka heiter det idrett- og folkehelsesenteret i Rogaland.

Bestillinga som ligg i vedtaket frå Fylkestinget er knapp jfr. innkallinga.

*Fylkestinget 8.-9. desember vedtok å etablere eit «campus Bergen» etter modell frå Sogndal for å få eit kompetansesenter der ein samlar idretten, høgskulen, næringsliv, Olympiatoppen, Universitet i Bergen og den vidaregåande skulen.*

Førebels er det sett av kr 100.000,- til første fase. Det må gjerast ei god utgreiing for politisk sak til Fylkestinget i oktober, der det må presiserast ønskjer og form på det vidare arbeidet.

Fase 1: Kartlegge dagens ressursar, behov og moglegheiter - Prospekt Campus Bergen

Fase 2: Peike på potensiale og synergjar

Fase 3: Scenariotenking, modellar for samvirke, lokalisering osv

Fase 1;

Interessa er til stade. Det vil vere behov for ganske kjapt å samordne løysingar i høve arealnytting i område. Årstad, Brann stadion, Slettebakken, byarena, hockeyhall osv.

Det er viktig at idretten står samla i høve til kva dei meiner er det viktigaste å ha fokus på. Det er mange ulike interesser og idear når det gjeld anlegg, økonomi, kompetanse/fag, utvikling av toppidrett, bredde osv. Overbygginga må ha felles mål men alle må sjåast for sine særrområder.

Det bør leggst opp til ein prosess som fører til politisk sak til budsjetthandsaming i oktober. Det vert viktig å holde «trøkket» på saka og tilrettelegge for gode politiske prosessar i fylkeskommunen.

Omgrepet Campus – kva legg vi i det?

- Fysisk nærhet, plusseffekt av fysisk nærhet
- To parameter:
  - fag** – utvikling, ressursutnytting, nettverk og møteplassar
  - bygg** – anleggsutvikling

Bergen kommune må sjå dette i samanheng med idrettsplan og skulebruksplan og debatten om Byarena. Hordaland fylkeskommune må sjå dette i samband med aktuelle regionale planar og strategiar, m.a. skal skulebruksplanen på høyring denne våren.

Høgskulen er svært interessert i samarbeid med dei ulike aktørane som er lokalisert i og nær området rundt Kronstad, og ser på samarbeidet som eit godt høve til å det allereie styrka fagområde innan idrett. Dei ser positivt på eit samarbeid med Olympiatoppen og Brann. Samlinga av fagområde på Kronstad er uvanleg breitt, m.a. Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet. Høgskulen har kontinuerleg arealmangel (og trong for basseng), og ei samling av ressursar både fagleg og byggmessig vil kunne vere ei god løysing. Høgskulen har sjølv ledig areal til nybygg ved den nye skulen. Det er også interessant å tenkje på studentbustadar inn i ein campus.

Det har vore stor utvikling knytt til Høgskulen i Bergen, som m.a. er vorte vertskap for det nasjonale senteret for mat, helse og fysisk aktivitet. Det vert også arbeida med fusjon med høgskulen i Sogn og Fjordane og Stord/Haugesund. Avklaringar er venta i mai, kongeleg resolusjon i juni og evt. effektivering frå 1.1.2017. Det vil vere interessant å sjå utdanninga i Sogndal i samanheng med Bergen - fagområda vil bli styrka. Ei samanslåing vil i tillegg kunne styrke campus-ideen.

Det kan også kome på tale å fusjonere med UiB. No er ein i prosess med å utvikle samarbeidet så mykje som mogleg, og planlegg t.d. felles bygg for helsefag.

Vidaregåande opplæring har fokus på den nye Mediabyen Bergen. Eit nytt studieprogram innan media/kommunikasjon kjem og det vert jobba med å konkretisere avtalar om areal, leige av utstyr og fagleg samarbeid om lærarkrefter og utplassering. I tillegg er det toppidrettstilbodet på Stend, Tertnes, Åsane og Voss. I tillegg er det symjng og stup på Amalie Skram vgs. Det er planar om nybygg av hall på Tertnes, i samarbeid med OLT. Linja på Tertnes blir verande som den er. I 2020 er det planlagt oppstart av ny vgs i Åsane med idrettsfag.

Rullering av heile skulebruksplanen skjer truleg i oktober. Høyring i månadsskifte februar/mars. Langhaugen og Årstad er dei næraste til det aktuelle område på Kronstad. Tilstandsrapport for vidaregåande opplæring viser at elevane på idrettsfag har mindre fråfall. Det viser trong for utvida tilbod – og gjerne sentralisert.

## KONKRETISERING OG KONKLUDERING

Det er i utgangspunktet sett opp møte 3. mars.

Er det realistisk med eit møte så snart?

Kva kan vi ha klart til då?

Kven skal inviterast?

Form, innhald og lengde på møte?

Datoen passa dårleg for både høgskulen og Bergen kommune. Etter ein runde i og etter møtet er det sett ny møtedato onsdag 2. mars kl 9.00 – 11.00 på Høgskulen.

Forslag/innspel til innhald og form på møtet;

- Målet med møtet må vere å gje ei forståing av saka, og starte ein god politisk prosess – det må vokse fram ein ide om form og innhald som må forankrast i byråd og fylkesting.
- Korte presentasjonar frå dei sentrale aktørane  
Fremme at det er samarbeid og ikkje konkurranse  
Fremme kvalitet og utvikling, og studentvelferd  
Dette er ei sak der 2+2 blir 5 og vel så det...
- Kort om prosessen og tankane framover. Viktig med forankring og at ein må binde seg til prosessen vidare
- Lage eit lite hefte/brosjyre med kart, bilete og kort info om utgangspunktet til dei ulike aktørane. I tillegg vil det vere nyttig med litt bakgrunnsmateriale frå Rogaland og Sogn og Fjordane. Skriftleg informasjon på førehand gir eit felles grunnlag for møtet og gjer det enklare å vidareformidle budskapet til partifeller, kollegar og andre aktuelle. Dokumentet utviklar seg etterkvart som arbeidet utviklar seg.\*

## INVITASJON

Etter ein diskusjon vart det einighet om å halde dette første møtet (2. mars) på eit nivå der politisk og administrativ leiing og tilsvarande vert invitert frå dei aktørane som allereie er involvert i samtalen. Vi foreslår ovafor fylkesordføraren at invitasjonen vil gå til følgjande;

- Høgskulen i Bergen
- Helse Bergen
- Bergen kommune
- Hordaland fylkeskommune
- NIF/Hordaland idrettskrets

\* Alle deltakarar på møtet 5.1.16 må sende info til fylkeskommunen (hane.espe@hfk.no) som skal samordnast i denne trykksaka som vi produserer til 2. mars. Bestillinga til aktørane er å skildre kort ressursar i dag, behov og muligheiter. Evt anna relevant informasjon, som t.d. dronebileta som det vart snakka om at Høgskulen har fått produsert. Fristen for å sende inn er **22. januar**.

Kommune og fylkeskommune må gje ei oversikt over korleis dette arbeidet er i tråd med lokal og regional politikk og føringar i planar og strategiar.

